

PROTOKOLL

REGIONUTVALG NORD-NORGE

Møtested:	Thon Hotel Nordlys i Bodø
-----------	---------------------------

Dato/tid:	13. november 2018 kl 10.45 – kl 16.00	Protokoll: 02/18
-----------	---------------------------------------	------------------

TIL STEDE:

Arbeidsutvalg Nord-Norge:	Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Fred Tore Fagereng, Ragnhild Engan, Birgitte Rørvik-Bruun og Bente Børshheim.
Regionutvalg Nord-Norge:	Bjørn Tore Søfting, Pål Danielsen, Jan Håland, Per Johnny Lyngmo, Paul Johansen, May Hege Bårdsen, Jens Olav Løvlid, Lisa Tollesen, Roger Simonsen, Glenn Rainer Thomassen, Birgitte Rørvik Bruun, Anders Stavrum Larssen, Grete E. Arntsen, Einar Kristiansen, Fred Tore Fagereng, Glenn Peter Knædal, Leif-Kåre Halvorsen, Kjersti Delp Ragnhild Engan, Ole Magne Berg, Øyvor Åsbakk, Kjell Larsen, Frøydis Forsmo, Hans Elling Angell, Jørn Ellingsen, Kjell Magne Sandmo, Kåre M. Gjesbakk, Aleksander Lillevik, Liv Kari Huskebakk, Merethe Hjerpabakk, Odd Even Pedersen, Endre Østbø, Olaf Paulsen, Erling Rune Tømmervik, Ynge Herigstad, Peter D. Nikolaisen, Bente R. Børshheim, Håvard Knygh, Roy Harry Dypaune, Anne-Maren Govasli, Bernt Andreassen, Bernt S. Skarstad, Lillian Sæterstad, Lisa Juliussen, Berit Hundåla, Frode Bjørnå og Siv T. Gulbrandsen.

Valgkomité Nord-Norge:	Jan Håland, Øyvind Knapstad og Erling Rune Tømmervik
---------------------------	--

Andre:	Berit Hundåla (sentral valkomité)
--------	-----------------------------------

Forfall:	Stine Jelti (vara Pål Danielsen møtte), Anne May Olli, Torstein Hanssen, Kristian Olaussen, Morten Fredriksen, Endre Borch (vara May Hege Bårdsen møtte), Kristian Rognli, Jan-Tore Aronsen, Geir Tommy Pedersen, Elisabeth Salo, Martin Ness (vara Roger Simonsen møtte), Vegard Svendsen, Bernhard Halvorsen, Yvonne Kvernmo (vara Glenn Rainer Thomassen møtte), Rune Sandvik, Elin Hansen Vik, Christian Killengreen, Bjørn Arne Skoglund, Ole Martin Kristoffersen (vara Kjersti Delp møtte), Ketil Christoffersen, Hugo Mørk, Bjørn Torstein Arnes, Roger Fredriksen, Ajna Nystad (regional valkomité), Tormod Nilsen (regional valkomité) og Liv Julie Wågan (kontrollkomitéen).
Konsernstyret:	Per Heringstad og Merethe Sund
Administrasjonen:	Ole Nikolai Skulberg, Svein Inge Jakobsen, Arne Flatmo og Brit Kari Eidseflot Hauger
Referent:	Brit Kari Eidseflot Hauger

Sak nr	Sak
1	<p>Konstituering av møtet</p> <p>Svein Slåtsveen ynskte velkommen og Brit Kari føretok opprop. Ingen merknader til innkalling og sakliste.</p> <p>Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent. Bjørn Tore Søfting og Roy Harry Dypaune vart valt til å godkjenne protokoll saman med møteleiar.</p>
2	<p>Regionutvalsleiar sin tale</p> <p>Svein oppfordra til eit aktivt RU-møte. Sommaren 2018 har vore utfordrande. Miljø og klima er</p>

	<p>utfordrande, men også ei mogelegheit for region Nord. Råvarer frå Nord-Norge bør foredlast og distribuerast i regionen. Vil føre til redusert mellomtransport og transport til grossist og butikk, med positiv verknad for miljø og Nortura sitt omdømme. Ved Nortura Målselv vart det i 2013 foredla 7 000 tonn. I 2018 ligg volumet på 2 700 tonn. Miljø skal nyttast som argument overfor kjedene. Arbeidsutvalet har sendt spørsmål til styret om Nortura sine klimamål og tiltak.</p> <p>Svein kunngjorde at Øst Finnmark er mest aktive kretsutval i 2018. Kretsleiar Bjørn Tore Søfting mottok Thulefjord lammerull til alle 3 kretsutvalsmedlemane.</p>
3	<p>Økonomi- og driftsorientering</p> <p>Per Heringstad orienterte om resultat 2. tertial 2018, resultat hittil i år, lønsemda i bransjen, kapitalutvikling pr 2. tertial og utvikling datterselskap. Vidare om salsutvikling, daglegvarevolum pr 2. tertial og markedsandelsutvikling. Forbetningsprogrammet: Kva er gjort og kva jobbar vi med no.</p> <p>Merethe Sund orienterte om Noridane og fokus i media om Noridane er eit selskap i konflikt med Nortura sine interesser. Føremålet med Noridane. Eigarskap og økonomisk utvikling. Verdiar. Nortura og Noridane sin bruk av importkvoter. Eksport av sau. Import t.o.m. august 2018.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Roy Harry Dypaune, Berit Hundåla, Einar Kristiansen, Jens Olav Løvlid, Bernt Skarstad, Jørn Gunnar Ellingsen, Endre Østbø, Per Johnny Lyngmo og Frøydis Forsmo.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kvar vert 500 mill i uteståande til eigarane ført i rekneskapet? Og kvifor er renta sett ned? • Eksport av sauekjøt vil vere avhengig av låg pris til saueprodusentar, er ikkje berekraftig over tid. Styret må ta tak i betre anvending av sau i Norge. Vi produsentar overlever ikkje over tid med så låg pris. Mange produsentar sluttar i Nord-Norge, og fagmiljø forvirrar bort. Har stor betydning for bygdesamfunna i regionen. Forbetningsprogrammet: Anleggsstruktur er ikkje nemnt. I Nord-Norge er mykje rasjonalisert, men har ikkje høyrt noko om tiltak i Sør-Norge no. Må ha betre utnytting av anlegga våre. • Kontantstrøm: Kor mykje av forbetringa ligg i reduserte råvarereprisar? Tilleggsytingane tatt ned med 89 mill for nokre år sidan. Kor mange mill er tatt ned no siste året? Einig i at anleggsstruktur alltid må vurderast. • Faren med overproduksjon: Kanaliseringspolitikken førte til at mjølk og kjøt vart tatt bort frå sentrale område. Må takast oppatt. Distribusjon: Stort nederlag at Nortura gjekk vekk frå fellesdistribusjonen. Kjedene ynskjer kontroll frå jord til bord, jf Gartnerhallen. Styret har ein jobb å gjere med å ta tilbake distribusjonen. Noridane: Kvifor eig Nortura den danske delen av Noridane? Danmark er internasjonalt retta, Norge nasjonalt. • Veldig bra at AU har sendt sak til styret om transport. I region nord strukturert slakteriverksemda maksimalt. Er på kritisk lågt nivå for aktivitet på anlegga våre. Viktig at aktivitet vert kanalisert nordover, slik at vi ikkje vert ei belastning for selskapet, men får ta del i verdiskapinga. • Nortura skal vere så snill i alle samanhengar. Sagt at det ikkje vert godt mottatt at vi ikkje importerer frå Island, at vi ikkje vert oppfatta som seriøse. Bør vere sterkare argument enn det. • Vedtektena er tydelege på at vi forpliktar oss for eigarane våre, ikkje i forhold til departementsråd eller statsminister. Grunnen til at vi importerer er at viss vi ikkje gjer det, så gjer konkurrentane våre det. Må forvente auka importkvoter framover. Vi må fortsette å få kundane til å velje norsk kjøt og vere tydlegare på bodskapet vårt. • Nortura er marknadsregulator, og det ikkje lurt at vi ikkje deltek i importen. Islandsavtalen er ikkje store mengda for Norge, må ha storsinn nok til å importere eller reeksportere. • Spørsmål om kostnadskutta og transport. Eig vi bilane sjølve? Samarbeider vi med andre? Bør vi samarbeide med TINE og FK om materiell og innkjøp? Er dette outsourca? • Sau oppfattast som eit biprodukt på linje med ku. Då må lammeprisen opp. Får ingen til å

	<p>redusere produksjonen utan at prisen på lam vert auka. Kan verte lettare å få reduksjon i antal dyr. Distribusjon: Må gjerast tiltak straks.</p> <p>Per, Merethe og Ole Nikolai Skulberg kommenterte og svarte på spørsmåla.</p> <p>Vedtak: Regionutvalet tek driftsorienteringa til orientering.</p>
4	<p>Høyringssak: Kva type rådgjeving treng Norturabonden?</p> <p>Ei oppsummering av innspela til høyringssaka var utsendt til RU i forkant av møtet, og Brit Kari tok ein kort gjennomgang. Fylgjande forslag til vedtak vart lagt fram:</p> <p>Nortura må ha rådgiving knytta til tilførsel i egen organisasjon. Inkludert i denne tjenesta må være mottak og rekruttering av nye brukere. Ellers kan Nortura samarbeide med andre rådgivingstjenester om faglig rådgiving på de ulike fagområder. Denne rådgivinga skal være brukerfinansiert.</p> <p>Nortura må samarbeide med andre rådgivingstjenester om å utnytte ny teknologi og nye arbeidsmåter i rådgivinga.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Berit Hundåla, Einar Kristiansen, Hans Elling Angell, Frøydis Forsmo, Per Johnny Lyngmo og Håvard Knygh.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Grei uttale, har tru på rådgjeving gjennom fagmøter og der fleire er samla. Den enkelte er villeg til å betale for god rådgjeving. • Einig i uttalen. Har ein ny brukar heime, som har fått nytt syn på samvirke etter at han har oppdaga sitt behov for rådgjeving. • Fagmøter er vel og bra, men vi må sikre oss å få inn så god kvalitet som råd. Deltok på Landbruk i Nord for nokre år sidan, eit samarbeid med andre org. Effektivt å ha ein rådgjevar som kan fylge opp min produksjon, slik at kvaliteten er best mogeleg. Mange av dei som har størst behov når vi ikkje på fagmøter. • I Beiarn vart det sett av tid etter fagmøtet til individuell rådgjeving. Vil anbefale dette for fleire, for då selt oss inn. • Ny teknologi: Er ikkje alle som kan reise på fagmøter. Bør gjere det mogeleg å delta via digitale forum og fagseminar. Kan då få med fleire. Kanskje vere ei gruppe som samlast og deltek på digitalt fagseminar. Programvare må vere brukarvenleg. • Brukarfinansiert: FK har gratis rådgjeving, men legg berre på kraftfôrprisen. • Kan RU-møtet streamast? <p>Svein kommenterte.</p> <p>Vedtak: Innspela frå Regionutvalet oversendast styret, saman med fylgjande uttale:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nortura må ha rådgiving knytta til tilførsel i egen organisasjon. Inkludert i denne tjenesta må være mottak og rekruttering av nye brukere. Ellers kan Nortura samarbeide med andre rådgivingstjenester om faglig rådgiving på de ulike fagområder. Denne rådgivinga skal være brukerfinansiert. • Nortura må samarbeide med andre rådgivingstjenester om å utnytte ny teknologi og nye arbeidsmåter i rådgivinga.
5	<p>Tema: Marknadssituasjonen</p> <p>Ole Nikolai Skulberg orienterte om at kjøtforbruket er stabilt til fallande, svakt veksande for egg. Lagerbeholdning i sum for alle dyreslag. Overproduksjon på fleire dyreslag gjer at alle konkurrerer</p>

	<p>om dei same kundane nesten kvar dag. Svinekjøt har ein svak status, og storfe har ein del negativ fokus. Prognose 2019. Alternative scenarier for engrossal heilt slakt kjøt og egg. 7-8 000 fleire storfe slakta pga turken. Lagerbeholdning pr veke for storfe. Fortsatt stor overproduksjon av sau. Lagerbeholdning pr veke for sau og lam. Sauen akkumulerast sjølv om uttaket aukar. Sau på lager er ikkje kritisk på dato enno. Klekketal viser at vi er på veg inn i overproduksjon på egg. Egg frå miljøinnredning er på veg ut. Situasjonen for gris. Kva er rett marknadsdekning?</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Bernt Skarstad, Paul Johansen, Hans Elling Angell, Glenn Peter Knædal, Olaf Paulsen, Jens Olav Løvlid og Berit Hundåla.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Er det rett at vi i region Nord skal bremse storfekjøtproduksjonen, med behovet for auka aktivitet på anlegga våre? • Kvifor ikkje ferskt saupekjøt i butikk? • Kvifor vert vi trekt i omsetningsavgift på lam, når vi der er i ca balanse? • Kvifor vart omsetningsavgifta auka rett før småfesesonsgongen? • Har Nortura mottaksplikt på egg? Kva svarer Nortura dei som er interessert i å starte med egg? • Er konkurranse eller krig mellom dyresлага. Kven er det som bestemmer kva det skal satsast på? • Overproduksjon på alle dyreslag, eller på veg inn i overproduksjon. Stor krise for næringa. FrP har fått næringa dit det er ynskjeleg. Svineprodusentane skjønar ikkje produksjonsregulering, berre pris. Reduksjon av antal purker i konsesjonsbesetning? Er galskap med slakting av smågris. Må ha politiske verktøy for å regulere. • Problemet er regjeringa som stimulerer til auka produksjon. Veganarar o.l. slår det ut på kjøtforbruket? Sau i butikk: Er opna for at eigarar kan kjøpe til naboar og andre. Men vanskeleg avsetning på ein halv sau. Glad for auka halaslakting til ny marknad, har hittil vore importert. • Skryt til Nortura for kvardagslam, viser at det er eit heilårsprodukt. Ynskjer at tilsvarande vert gjort på sau. Prisløype for fyrste halvår 2019 er sett, med grunngjeving at ein fryktar overetablering. No er vi i november, og dei fleste har sendt lamma no. Nokre er att for tilleggsföring. Kunne ha stimulert til svak føring for slakting før påske. <p>Ole Nikolai kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
6	<p>Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Nord, samt frå fabrikkane</p> <p>Brit Kari ga ei kort oppsummering etter høyringa i kretsutvala med aktivitetsplanen for 2019.</p> <p>Svein Inge Jakobsen orienterte om skyving av slakt, småfeslakting i vekene 34 – 45 i 2018 samanlikna med 2017 og utvikling i leveransar av slakta storfe og gris. Vidare om nisje, retur og medlemskjøp. Foredling i Målselv. Vegagris, Polarlam og Thulefjord. Livdyrformidlinga. Medlemskjøp av sau.</p> <p><u>Spørsmål/kommentarar</u> frå fylgjande: Anne-Maren Govasli, Ragnhild Engan, Siv Gulbrandsen, Bernt Skarstad, Per Johnny Lyngmo, Jan Håland, Lillian Sæterstad, Frøydis Forsmo, Paul Johansen, Birgitte Rørvik Bruun, Odd Even Pedersen, Berit Hundåla, Lisa TollefSEN, Ole-Magne Berg, Kjell Larsen, Glenn Peter Knædal, Hans Elling Angell og Jørn Ellingsen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Står att ein del lam som ikkje er slakta enno i Brønnøy-området • I Førde har sesongarbeidarar slakta etter ordinær arbeidstid for fast ansatte. • Er det store kostnader med nisje og retur? • Foredling og distribusjon i region Nord må vi vere offensive på. • Må få ut informasjon om kalv tilgjengeleg og økonomien i framföringa, så vert overskotet av kalv borte.

	<ul style="list-style-type: none"> • Har du tal for kostnaden med nisjeslakt? Gjeld det berre småfe? • Rådgjeving på gris i Nortura fungerer fantastisk bra. Fabrikkane i region Nord ved Svein Inge er hands-on, inkl livdyrformidlinga. Fabrikkane er overmodne for å kunne ta nye produksjonar. Er eit kjempepotensiale i fabrikkane og dei ansatte. Nord-Norge trekket: Kor mykje utgjer trekket? Kan trekket tilbakeførast i form av innovasjonsprosjekt for foredling og aktivitet i regi av Nortura? Vi er på kritisk lågt nivå for å oppretthalde infrastrukturen. • Kvifor greidde ikkje Nortura Malvik å ta unna slaktinga av småfe, men må slaktast ved Bjerka? Utfordrande når det ikkje skal brukast overtid i sesongen. • Aktuelt å spørje om å levere lam ei veke før, og ikkje berre skyve? Bør oppmode om langtidsinnmelding. • Tok sau i retur, og ingen problem å verte selt. • Vart det halalslaka sau i Målselv i haust? Kvifor ikkje? Kan du seie noko om utviklinga av Medlemsbutikkane? • Kva kostar slakteprosessen for eit returslakt? • Lammeringsleiar melder inn berre for ei veke i gongen. Burde kunne melde inn for heile sesongen, og så kunne det vere fleksibel levering frå lammeringen. • Mattilsynet ynskjer oversikt over antal dyr pr veke. • Vert det endring i arbeidet og organiseringa av livdyrformidlinga i Søndre Nordland? • Er det vurdert å opne Medlemsbutikkane for kundar som ikkje er medlemar? • Må ikkje slutte å lage grillpølser i Målselv – dei er best! • Sagt at det ved Bjerka er sett grenser for mengd som kan handlast på Medlemsbutikken. • Synest at slaktepris på kr 700 for sau er høgt. Privat slakteri på Sortland tek kr 300. • Kva får Nortura i fraktkostnad? Vert hevda at Nortura får meir enn det som er kostnaden med å hente slakta mine. • Har site i forhandlingsutvalet. Kostnaden med frakt er på langt nær inndeikt med fraktkostnad. Resten vert vi som eigrar belasta. • I Felleskjøpet vert kvar produsent belasta for frakt, utan fraktutjamning. • Kva vurderingar vert gjort for henting av t.d. villsau på ei øy? • Nortura har ikkje mottaksplikt på smågris, men likevel vert det levert og slakta smågris. • Løysinga er at vi må redusere produksjonen av smågris. • Skyvinga av småfe vil auke, får ikkje levere til ønska tidspunkt, må gjerast noko med det. Sesongen må drivast meir intensivt. Kjølekapasitet bør kunne leigast. • Fått spørsmål om levering av sau, ynskje om forlenga periode for høgare pris for sauene. <p>Svein Inge, Ole Nikolai og Merethe kommenterte og svarte på spørsmåla.</p>
7	<p>Open post/lokale saker</p> <p>Vart slått saman med saka over.</p>
8	<p>Orientering frå årsmøtet sin valkomité</p> <p>Berit Hundåla orienterte om tillitsvalde på val i 2019, og oppfordra om innspel.</p>

Svein Slåtsveen
(sign.)

Bjørn Tore Søfting
(sign.)

Roy Harry Dypaune
(sign.)